



Valldal Idrettslag

Referat styremøte 5.desember kl 19.30 – klubbhuset

Til stades:

Eiinar Hoel, Anders Rem, 1. vara Odd Lennart Vikene og 2. varamedlem Ellisiv Valdal Jarvik

Fotball v/Anett Steinnes

Friidrett - forfall

Disksport v/Richard Moen

Ski v/Jan Ole Fuglem

Trim v/Andreas Håvoll

Forfall:

Trond Håvoll, Anne Nygård, Silje Grønning og Magne Eivind Glomnes

42/19 Informasjon frå grupper og styret

- Diskgolf, Richard: Trenar i idrettshallen. Richard er i gang med trenarkurs
- Trim, Andreas: Ribbemarsj blir i romjula i år
- Jan Ole, ski: Terminliste klar, Jobbar med programhefte. Sel julenek. Er i rute til sesongen. Har tenkt å ha skikrosspå Sparebanken Møre cup i vinter, som første arrangør i fylket
- Anett, fotball: Prøver å få til ei samarbeidslag G16 saman med NEG. Vann pris for beste Tine fotballskule. Grendecup 5. juledag i idrettshallen. Har vedteke å kjøpe innbytarbenkar til kunstgrasbana.
- Hovedstyret. Vellykka jubileumsfest på ML-huset og andre arrangement i løpet av jubileumsveka. Fekk om lag kr 250.000 i gåver. Noko er det stilt vilkår til før utbetaling.

43/19 Lys på Idavollen – Valldal stadion

Styret har tidlegare drøfta oppgradering av lysanlegget på Idavollen, alternativt lysanlegg på Valldal stadion. Det vart ikkje teke noko avgjerd og saka vart lagt til sides. Begge alternativa er kostnadsrekna, om lag kr 600.000 for Idavollen og i overkant av kr 1.000.000 for Valldal stadion. Beløp er eks mva. Utgangspunktet er ein belysning på 200 lux. For lys på Valldal stadion er det muleg å søke om spelemidlar, det er det ikkje på Idavollen då anlegget nyleg har fått tildelt spelemidlar.

Handsaming:

Styret samla seg om at det er lys på grasbana som er mest aktuelt. Vil truleg ta tid både å få spelemidlar og kommunal støtte.

Vedtak

Det vert oppretta ei arbeidsgruppe med Torkjell Døving, Marius Moe og Einar Hoel som skal vurdere løysingar for lys på Valldal stadion. Gruppe skal kome med tilråding til styret



Valldal Idrettslag

44/19 Støtte til teleslyngje på Martin Linge huset

Det har kome ein søknad frå brukarutvalet for Martin Linge huset om støtte til installering av teleslyngje på lagsrommet og kultursalen. Kostnad for eit slikt anlegg er kr 38.000 eks mva. Søknad om støtte til teleslyngje er sendt mange lag/organisasjonar som brukar huset.

Vedtak:

Teleslyngje på ML-huset vert støtta med kr 5.000

45/19 Jubileumsbok -pris

Boka vert levert i veke 50 og det vil vere aktuelt med lansering på klubbhuset torsdag 12. eller fredag 13. desember. Den er tinga i 500 eks. Kostnad til oppsetting og trykking av boka er om lag kr 120.000. .

Til sist styremøte vart det opplyst at Sparebanken Møre ville dekke kostnaden, føresett at boka skulle koste berre kr 100,-. Pris vil gje eit signal om verdi på boka, og den har langt større verdi enn kr 100,-. Difor er avtalen med banken at dei støttar boka med kr 25.000 og idrettslaget står fritt å bestemme prisen. Lansering av boka 13. desember

Vedtak :

Salspris for jubileumsboka vert kr 300,-

46/19 Møteplan 1. halvår 2020

Vedtak, møteplan:

Torsdag 16 . januar	styremøte
Torsdag 20. februar	styremøte
Veke 11, 9.-13. mars	gruppeårsmøter
Torsdag 19.mars	styremøte
Onsdag 25. mars	årsmøte Valldal IL
Torsdag 23. april	styremøte
Torsdag 4. juni	styremøte

47/19 Gåve frå Sparebanken Møre

I samband med 100 års jubileet fekk idrettslaget ei gåve på kr 100.000 frå Sparebanken Møre under føresetnad av at den vert brukt til aktivitetar for dei yngste. Gåva vert først utbetalt når aktiviteten er komen i gang

Handsamaning:

Styret drøfta ulike alternativ for bruk av gåva:

- Idrettskule lagt inn i SFO tida
 - Variert aktivitet
 - Utfordring med instruktør
 - Ein hovudansvarleg i tillegg til andre instruktørar
 - Innkjøp av utstyr
 -



Valldal Idrettslag

- Trenerforum for trenarar i Valldal IL, samarbeid på tvers av grupper
- Vidareføring av tilbod om open hall på fredagar

Temaet vert drøfta vidare på neste styremøte

48/19

Eventuelt

- Valldal IL kjøper inn pins med laget sin logo
- Valldal IL sin protokollar, årsmeldingar og styreføretat vert lagra i Sparebanken
Møre sitt hvelv i tillegg til laget sin bankboks

Møtet slutt kl 22.00